



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 25/28521-1
Saksbehandlar Katrine Skajaa Gunnarsli

Utval	Møtedato
Hovedutvalg for næring, kultur og miljø	25.09.2025
Fylkesutvalget	07.10.2025
Fylkestinget	21.10.2025

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) - Oppstart av arbeid med revisjon

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Fylkestinget ber administrasjonen om å starte arbeidet med ein avgrensa og målretta revisjon av Heiplanen, med mål om å betre sikre leveområda til villreinen. Dette skal bidra til å nå målet om god økologisk tilstand for villreinen i dei to nasjonale villreinområda Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei.
2. Innanfor ramma av vedtakspunkt 1 er det eit mål med revisjonen å bidra til at bygdene og grendene i villrein fjella kan ha ei positiv utvikling.
3. Revisjonen skal gjennomførast innanfor dei økonomiske og tidsmessige rammene som er gitt gjennom tilskotet til revisjon av Heiplanen frå Miljødirektoratet.
4. Heiplansekretariatet får mandat til å utarbeide prosjektbeskriving.
5. For å sikre god medverknad tidleg i prosessen skal det oppnemnast styringsgruppe med representantar frå kommunane og fylkeskommunane, samt frå Statsforvaltar og villreinnemnda.
6. Fylkestinget oppnemner to representantar frå Agder fylkeskommune til å sitje i styringsgruppa, jf. vedtakspunkt 5:
 -
 -
7. Fylkestinget føreset at Rogaland, Telemark og Vestland fylkeskommunar fattar likelydande vedtak.

Vedlegg

Tilskudd - Natursats - Revisjon av tidligere vedtatt regional plan - Heiplanen

Samandrag

Fylkeskommunedirektøren foreslår å starte arbeidet med ein avgrensa og målretta revisjon av regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen). Målet med revisjonen er å oppdatere planen i tråd med ny kunnskap og å betre ivareta villreinens leveområde.

Villreinen i dei to sørlegaste villreinområda i Europa – Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei – er i dag klassifisert med dårleg og middels kvalitet etter kvalitetsnormen for villrein. Heiplanen, som er den regionale planen for desse områda, har ikkje i tilstrekkeleg grad sikra villreinens leveområde, og utviklinga går ikkje i ønskja retning. Med bakgrunn i ny kunnskap om villrein, nasjonale planretningslinjer, nasjonale forventningar, samt forslag som ligg i tiltaksplanar for villrein, foreslår fylkeskommunedirektøren å starte arbeidet med ein avgrensa og målretta revisjon av Heiplanen. Målet er å oppdatere planen i tråd med ny kunnskap og betre ivareta villreinens leveområde, samstundes som ein legg til rette for positiv utvikling i bygdene og grendene i villreinfjella. Revisjonen skal gjennomførast innanfor dei økonomiske og tidsmessige rammene som er gitt gjennom tilskot frå Miljødirektoratet.

Saksopplysningar

Fylkestinga i Vestland, Rogaland, Telemark og Agder har i regional planstrategi (utviklingsplan for Rogaland) vedteke at Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, kalla Heiplanen, kan reviderast i inneverande planperiode. Samstundes vart det bestemt at endeleg avgjerd om revisjon skulle takast først når Stortingsmelding 18 – *Ein forbetra tilstand for villrein* – var ferdigstilt, og det tilhøyrande arbeidet med tiltaksplanar for villreinfjella hadde kome lenger. Tiltaksplanane er no i ein avsluttande fase (høyring), og fylka skal ta stilling til om Heiplanen skal reviderast. I alle fylka er det lagt til grunn at avgjerda om revisjon skal takast i dialog mellom fylka, og at Heiplansekretariatet skal gje ei tilråding om eventuell revisjonsprosess. Frå fylkesutvalet i Telemark fylkeskommune er det presisert at det vil ha betydning for avgjerda om revisjon at det kjem tydelege signal frå departementet om målet med revisjonen, og om det vert stilt ressursar til disposisjon for revisjon av dei regionale arealplanane for villreinfjella.

Det er fleire forhold som har betydning for avgjerda om revisjon – og eventuelt rammene for revisjonen – av Heiplanen. Først og fremst må ein vurdere om Heiplanen fungerer etter intensjonen, og om utviklinga for villreinen går i rett retning. I tillegg må ein sjå på om kunnskapsgrunnlaget i planen er godt og oppdatert. Innspel som kom inn i høyringane av dei regionale planstrategiane for fylka (utviklingsplan for Rogaland) i inneverande periode vil òg ha betydning. Nasjonale forventningar til fylkeskommunane – uttrykt både gjennom Stortingsmelding 18 og *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027* – vil påverke både avgjerda om revisjon og målet med revisjonen. Det vil òg vere viktig å vurdere om det er realistisk å gjennomføre revisjonen innanfor rimelege tids- og økonomiske rammer. Desse forholda er nærare greidd ut i saksframlegget.

Heiplanen er ein regional plan som omfattar dei to nasjonale villreinområda Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei. Planen gjeld for fire fylke og 16 kommunar. Heiplanen vart endeleg vedteken og godkjend av fylkestinga våren 2012, og Miljøverndepartementet stadfesta planen i juni 2013.

Intensjonen med Heiplanen er å ivareta leveområda til Europas sørlegaste villreinstamme, samstundes som ein tek omsyn til lokalsamfunna sitt behov for langsiktig og positiv utvikling. Planen har to hovudmål: 1) Å fastsetje ei tydeleg grense for det nasjonale

villreinområdet som tek vare på villreinen si arealbruk gjennom ulike årstider, og 2) Å fastsetje retningslinjer og føringar for ei heilskapleg arealforvaltning i området som òg varetok lokalsamfunna sitt behov for langsiktig positiv utvikling. For å nå desse måla er det definert fire innsatsområde, kvar med fleire delmål (jf. tabell 1). De fire innsatsområda er:

1. Sikre leveområde for Europas sørlegaste villreinstamme
2. Leggje til rette for ei berekraftig bruk av området
3. Auke kunnskapstilfang og -nivå
4. Samarbeid og heilskapleg forvaltning

Heiplanen blir følgt opp av eit Heiplansekretariat som består av representantar frå kvar av dei fire fylkeskommunane. I tillegg har kvar fylkeskommune eigne interne planteam med representasjon frå relevante fagområde i fylkeskommunen.


Oppfølginga av Heiplanen inneber mellom anna å følgje opp Heiplanens handlingsprogram. Handlingsprogrammet er regionen sin tiltaksplan for å nå måla i Heiplanen. I tillegg til tiltak frå fylkeskommunen skal også tiltak og prosjekt frå kommunar, organisasjonar og statlege aktørar inkluderast. Heiplansekretariatet har det overordna ansvaret for handlingsprogrammet, men har berre oppfølgingsansvar for dei tiltaka der fylkeskommunen er ansvarleg aktør. Det har vore to rulleringar av handlingsprogrammet, sist ved årsskiftet 2023/2024, då handlingsprogrammet for perioden 2024–2027 vart vedteke.

Kvalitetsnorm for villrein er eit kunnskapssystem som klassifiserer villreinområda i god, middels eller dårleg kvalitet. Føremålet med å fastsetje ein kvalitetsnorm for villrein er å bidra til at villreinen og villreinområda blir forvalta på ein måte som sikrar at internasjonale forpliktingar blir overhaldne, og at nasjonale mål om å ivareta levedyktige bestandar blir nådde. Klassifiseringa skal gjennomførast kvart fjerde år.

Etter ei omfattande kunnskapsinnhenting har alle dei 24 villreinområda i Noreg blitt vurderte etter kvalitetsnormen. Ingen av dei 10 nasjonale villreinområda fekk status *god kvalitet*; seks har status *dårleg* og fire har status *middels kvalitet*. Av dei ikkje-nasjonale villreinområda var det berre eitt som fekk status *god kvalitet*. Statusen for dei to villreinområda som inngår i Heiplanen er høvesvis *dårleg* (Setesdal Ryfylke) og *middels* (Setesdal Austhei) kvalitet.

Årsaka til at Setesdal Ryfylke villreinområde ikkje tilfredsstiller måla i kvalitetsnorma er samansett, men sentralt står påverknad frå vegar og vasskraftutbygging, kombinert med ferdsel i utsette område. Disse påverkingane har stor negativ effekt på villreinen sine moglegheiter til å vandre. Området har til dels sterkt reduserte funksjonelle trekkpassasjar innanfor villreinområdet, noko som betyr at villreinen har avgrensa moglegheiter til å bevege seg mellom viktige område som kalvings- og oppvekstområde – noko som er særleg kritisk for overleving og reproduksjon. Det er òg reduserte trekkpassasjar mellom Setesdal Ryfylke og dei tilgrensande villreinområda, noko som svekkar den genetiske utvekslinga.

Klassifiseringa av Setesdal Austhei villreinområde (middels kvalitet) skuldast at den viktige trekkkorridoren ved Bjørnevattn er forringa. Trekkkorridoren er særskild viktig for bestanden, då han gjev tilgang til kalvings- og fostringsområda sør i villreinområdet. Både sjølvvegen som ein fysisk barriere, og ikkje minst fritidsbustadane med tilhøyrande ferdsel frå disse, er sentrale årsaker til forringinga. I vurderinga etter kvalitetsnorma er det peika på at villreinområdet kan bli varig forringa dersom trekkkorridoren blir ytterlegare svekka.



Stortingsmelding 18 – Ein forbetra tilstand for villrein (villreinmeldinga) legg føringar for ei styrkt og meir heilskapleg forvaltning av leveområda til villreinen. Meldinga peikar på behovet for å ivareta villreinen si langsiktige overleving gjennom restriktiv arealforvaltning, betre koordinering av ferdsel, styrkt helseovervaking og restaurering av leveområda. Meldinga slår fast at det skal utarbeidast tiltaksplanar for å betre tilstanden for villrein i dei områda som ikkje tilfredsstiller kravet om minimum middels kvalitet etter kvalitetsnormen for villrein.

Eit sentralt verkemiddel i dette arbeidet er oppdaterte og kunnskapsbaserte regionale planer. Det står i stortingsmeldinga at «det kan være nødvendig å oppdatere dei allereie gjeldane regionale planane for villreinfillet med tanke på ny kunnskap om villreinen sin tilstand og effekten av ulike påverknader». I stortingsmeldinga varsla regjeringa at det skulle opprettast ei eiga tilskotsordning for revisjon og utvikling av regionale planar for villreinområda. Føremålet med ordninga er å støtte fylkeskommunane i arbeidet med å oppdatere planane i tråd med ny kunnskap og nasjonale mål for villreinen sine leveområde.

Arbeidet med **tiltaksplanar for villrein** starta opp parallelt med – og som ein del av – arbeidet med stortingsmeldinga, og er no i ein avsluttande fase ved at forslag til tiltaksplanar for Hardangervidda, Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde er sendt på offentleg høyring. Høyringsfristen er 31. oktober 2025. I tiltak 4 i tiltaksplanen blir fylkeskommunane oppmoda om å revidere eksisterande regionale plan for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke villreinområde. Dette skal gjerast med bakgrunn i oppdatert kunnskap, klassifisering etter kvalitetsnorma for villrein og i tråd med villreinmeldinga og nasjonale forventningar til planlegging.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Desse forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane. Dei nasjonale forventningane blir òg lagt til grunn når statlege myndigheiter deltek i planprosessane.

I dei **nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging** for perioden 2023–2027 er villreinen løfta spesielt fram som ein viktig del av norsk natur og kultur. Det blir peika på at nesten heile den europeiske bestanden lever i Noreg, og at vi difor har eit særskilt forvaltingsansvar for arten. Det er understreka at det er nødvendig med effektive og målretta tiltak for å sikre villreinen og leveområda hans. I regjerings forventning nr. 58 står det: «*Villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale planer for villreinfjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen*». Vidare står det: «*Det er viktig at fylkeskommunene og kommunene legger stor vekt på resultatene fra klassifiseringen av villreinområdene og arbeider aktivt for å oppnå kvalitetsmålene for de nasjonale villreinområdene. De regionale planene for fjellområdene med villrein er et viktig verktøy for å få til dette.*»

Dei **statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet**, fastsette ved kgl.res. 20. desember 2024, underbygger dette og inneheld ei eiga føring for villrein. I punkt 3.8 står det: «*Areal-planleggingen skal bidra til å nå målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet. Dette innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder.*» Dette inneber at kommunar og andre planstyresmakter skal leggje særleg vekt på omsyn til villrein ved vurdering av nye arealinngrep, og sikre at villreinens leveområde blir verna mot fragmentering og nedbygging. Dei statlege planretningslinjene vil ligge til grunn for ei eventuell revisjon av Heiplanen.

Vurderingar

Analyse av måloppnåing for Heiplanen

Fylkeskommunedirektøren gjennomførte, i samband med arbeidet med handlings- og økonomiprogrammet, ei analyse av måloppnåing for Heiplanen. Spørsmåla som vart stilte var om måla er nådde, og om utviklinga går i rett retning. Analysen vart utarbeidd av planteamet for Heiplanen i Agder fylkeskommune, og er gjennomgått av Heiplansekretariatet, som også stiller seg bak konklusjonane i analysen.

Analysen peikar på at utviklinga for villreinen **ikkje** går i ønskja retning, jf. kvalitetsnormen for villrein. Det blir vist til statusen for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde, og konkludert med at intensjonen med Heiplanen ikkje er oppfylt. Ei enkel gjennomgang av delmåla under dei fire innsatsområda i Heiplanen (vurdert etter trafikklysmodellen: god – middels – dårleg) viser at delmåla som gjeld ivaretaking av villrein i liten grad er oppfylte.

Sikre leveområda for Europas sørlegaste villreinstamme ved:	
• å sørge for tilstrekkelege leveområde for å oppretthalde ein livskraftig bestand i eit langsiktig perspektiv	
• å ivareta nødvendige trekk for at reinen skal utnytte de to villreinområda best mogleg gjennom året	
• å sikre gode moglegheiter for utveksling med tilstøytane villreinstammer	
• å gi rammer for styring av ferdsel og anna aktivitet slik at omsynet til villreinen si områdebruk over årstidene ivareta	
• å bidra til å redusere konfliktane mellom menneske og villrein	
Leggje til rette for ei berekraftig bruk av område ved å bidra til:	

• å oppretthalde aktiv drift i landbruket, både for å sikre næringsgrunnlaget og å sikre kulturlandskapet og tilhøyrande biologisk mangfald	
• å profilere landskapet og villreinen som ein regional ressurs som skal gje grunnlag og moglegheiter for næringsutvikling og regional profilering.	
• at rekreasjon, friluftsliv, natur- og kulturbaserte aktivitetar gir grunnlag for bulyst, gode opplevingar og næringsutvikling	
• rammer for å vidareutvikle området som viktig friluftslivsområde for besøkande	
Auka kunnskapstilfang og -nivå ved:	
• å styrke kunnskapsgrunnlaget om villreinens leveområdebruk og effektar av menneskelege aktivitetar og inngrep	
• å bidra til å spreie informasjon om villreinen	
• å bidra til å spreie kunnskap om berekraftig bruk av natur- og kulturressursar	
Bidra til auka samarbeid og ei heilskapleg forvaltning ved:	
• å gi et grunnlag for en mest mulig lik forvaltningspraksis over hele planområdet	
• å gi forutsigbare rammer for utvikling av næringsliv og annen aktivitet	
• å bidra til en god dialog mellom forvaltningsnivåene	

Sjølv om måloppnåinga er låg, vurderer analysen at Heiplanen framleis fyller eit viktig behov. Det blir peika på at planen har fungert etter formålet til ein viss grad, og at tiltak har blitt gjennomførte i tråd med handlingsprogrammet. Dei to hovudmåla i planen er oppfylte i den forstand at det er fastsett ei klar grense for dei nasjonale villreinområda, og at det er etablert retningslinjer og føringar som var meint å gi ein berekraftig bruk av områda. I tillegg er omsynet til tettstadsutvikling i lokalsamfunna ivareteke gjennom bygdeutviklingssona, der villreininteressene skulle være avklarte. Heiplanen er godt kjent og i stor grad innarbeidd i kommuneplanane.

Når det gjeld årsakene til manglande måloppnåing, peikar analysen på at ny kunnskap viser at auka og endra friluftsliv, generert av utbygging i randområda til villreinen – altså bygdeutviklingssona – påverkar og forstyrrar villreinen meir enn ein la til grunn då planen vart vedteken.

Analysen konkluderer med at det er behov for ei avgrensa revisjon av Heiplanen, for å sikre at planen er i tråd med oppdatert kunnskap om villrein, og for å betre ivareta villreinens leveområde enn det som er tilfelle i dag.

Innspel til høyringane av de regionale planstrategiane


I høyringane av dei regionale planstrategiane for dei fire aktuelle fylka i inneverande planperiode kom det inn nokre innspel som gjaldt Heiplanen – villreinområda. I Agder peika ei av kommunane tydeleg på at det er uheldig at Heiplanen ikkje vart sett til revisjon, men berre at ein opna for dette. Andre innspel kan tolkast som at det er underforstått at Heiplanen skal reviderast. Det kom ikkje inn negative innspel til revisjon av planen. I Telemark hadde Statsforvaltaren eit tydeleg innspel med forventning om at Heiplanen blir sett til revisjon i inneverande planperiode. I Rogaland og Vestland kom det ikkje inn innspel til planstrategiane som gjaldt Heiplanen.

Rammer for revisjon – tidsplan og økonomisk ramme

I tråd med stortingsmelding 18 vart det mot slutten av 2024 lyst ut ei tilskotsordning, kalla Natursats, der det vart opna for å søkje om tilskot til revisjon av regionale planar for villrein fjella. På vegner av Heiplansekretariatet søkte Agder fylkeskommune om tilskot på 2 millionar kroner over 2 år, til ei avgrensa og målretta revisjon av Heiplanen. I brev frå Miljødirektoratet datert 20.06.2025 har fylkeskommunedirektøren fått tilsegn om tilskot.

Dersom fylkeskommunen aksepterer tilskotet, set dette visse rammer for revisjonsarbeidet – mellom anna at det formelt må meldast oppstart av revisjonsarbeidet innan utgangen av 2025, og at arbeidet må vere ferdig innan to år. Både tidsramma og den økonomiske ramma som tilskotet fastset, har betydning når ein no skal ta stilling til revisjon av Heiplanen. Innanfor dei gitte rammene må revisjonen vere avgrensa og målretta. Ei full revisjon av planen vil krevje både ei vesentleg høgare økonomisk ramme og eit lengre tidsperspektiv for gjennomføring av prosessen. Kva ei avgrensa og målretta revisjon av Heiplanen faktisk vil innebære, vil bli tema i planprogrammet.

Ein tentativ tidsplan for revisjonsprosessen med aktivitetar (over) og politiske behandlingar (under) er skissert her:



Organisering og medverknad

Det er avgjerande ved revisjon av Heiplanen at det blir sikra god medverknad. Det er først gjennom god forankring i kommunane at Heiplanen kan bli eit effektivt verkemiddel for å nå målet om å betre ivareta villreinen sine leveområde i vår del av landet. Korleis arbeidet skal organiserast vil gå fram av planprogrammet, men det er viktig at vi allereie no, i utarbeidinga av dette, søker samarbeid med kommunane og Statsforvaltar. Det bør utarbeidast ei prosjektbeskriving så tidleg som mogleg, kor ein mellom anna leggjer ein plan for å sikre god medverknad.

Det blir og foreslått å allereie no opprette ei styringsgruppe¹ for arbeidet med planprogrammet og deretter revisjonen. Kvar av dei 16 kommunane bør bli spurt om å stille med ein representant på høgt politisk nivå, helst ordførar eller varaordførar, og deriblant leier for verneområdestyret. I tillegg bør leier av villreinnemnda og Statsforvaltar delta. Heiplansekretariatet vil tidleg søkje samarbeid administrativt med kommunane, Statsforvaltar, sekretær for verneområdestyret, samt sekretær for villreinnemnda.

På oppfordring frå Heiplansekretariatet har Agder fylkeskommune sakt seg villig til å leie arbeidet med revisjonen.

¹ [1] Med styringsgruppe menes her oppnevning av representantar, inkludert folkevalgte representantar, i planprosessen for en avgrenset periode, med den hensikt å være en «politisk referansegruppe». Det er de respektive fylkestingene som endelig vedtar den regionale planen. Heiplanen er en interregional plan med fylkene Agder, Rogaland, Telemark og Vestland, og hvor flere bruker begrepet «styringsgruppe» for en slik organisering. For å få likelydende vedtak har vi valgt å bruke begrepet styringsgruppe i denne saken.

Bygdeutvikling

Det er eit mål å oppdatere Heiplanen i tråd med ny kunnskap og nasjonale mål for ivaretaking av villreinen. Samstundes vil ei god forvaltning av villreinen sine leveområde bidra til å ta vare på heieområda som heilskap. Villreinen og villreinfjella er viktige for kommunane – både som identitetsberarar og for å skape bolyst – og dermed for kommunane si utvikling på sikt.

Innanfor ramma av målet om å ivareta villreinen, er det ønskeleg at Heiplanen også bidreg til at bygdene og grendene i villreinfjella kan ha ei positiv utvikling, og korleis villreinen kan bidra til verdiskaping. Dette er eit mål i Heiplanen i dag. Korleis Heiplanen framleis kan bidra til dette vil bli tema i planprogrammet.

Fylkeskommunedirektøren si tilråding

Utviklinga for villreinen går ikkje i rett retning. Villreinen er nær truga, og bestanden kan – dersom vi ikkje endrar måten vi forvaltar naturen på – bli utrydda. Vi har eit nasjonalt og internasjonalt ansvar for å sørge for at Europas sørlegaste villreinstamme ikkje dør ut som følge av vår arealbruk. Vi har kunnskap om tilstanden, og vi kjenner i stor grad effekten av ulike tiltak – vi veit kva som må til – det som manglar er å gjennomføre kraftfulle tiltak.

Dei regionale planane for villreinfjella er eit sentralt verkemiddel for å få ei arealforvaltning som går i same retning på tvers av kommunegrensene. Overvaking og oppdatert kunnskap om villrein har likevel vist at dei omsynssonene og retningslinjene som er fastsette ikkje har vore tilstrekkelege for å ivareta villreinen sine leveområde på ein måte som sikrar positiv utvikling.

Med mål om å betre sikre villreinen sine leveområde, tilrår fylkeskommunedirektøren at det blir sett i gang ein revisjonsprosess for Heiplanen. Revisjonen må gjennomførast innanfor dei rammene som er gitt gjennom tilskotet frå Miljødirektoratet, noko som inneber ei avgrensa og målretta revisjon.

Det er naturleg at rullering av handlingsprogrammet blir innarbeidd i revisjonen av Heiplanen i etterkant av at tiltaksplanen for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei er fastsett.

Regionplan Agder 2030

I Regionplan 2030 er framtidas Agder eit attraktivt fylke fordi naturmangfaldet og leveområda til sårbare artar er varetekne. Varetaking av leveområda for villrein er dermed eit viktig mål i Regionplanen. Lagt til grunn at revisjonen betre skal sikre villreinen sine leveområde i Agder, vil ein revisjon bidra til å nå måla i Regionplan 2030.

Saka har ikkje direkte konsekvensar for barn og unge, men ivaretaking av villreinen i heiane våre er viktig for komande generasjonar.

Økonomiske konsekvensar

Med vedtak om ei avgrensa og målretta revisjon av Heiplanen innanfor dei økonomiske rammene som er gitt gjennom tilskotet frå Miljødirektoratet, vil revisjonen ikkje ha store økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. Leiinga av prosjektet blir dekt av tilskotet. Det må likevel reknast med at fleire fagområde bidreg inn i arbeidet, og at det må setjast av noko meir personalressursar til arbeidet med Heiplanen enn normalt dei to neste åra.

Konklusjon

Med bakgrunn i tilråding frå Heiplansekretariatet tilrår fylkeskommunedirektøren å setje i gang arbeidet med ei avgrensa og målretta revisjon av Heiplanen. Tilrådinga byggjer på dei rammene som er fastsette gjennom tilskotet frå Miljødirektoratet – både når det gjeld målet med revisjonen, dei økonomiske rammene og framdriftsplanen.

Kristiansand, 12.09.2025

Tine Sundtoft
Fylkeskommunedirektør

Kristin Tofte Andresen
fylkesdirektør